

1/12-14

# Radøy kommune

Sektor for oppvekst

## Til alle føresette i Radøyskulen.

Radøy kommune vil om kort tid gjennomføre foreldreundersøkinga for skule frå Utdanningsdirektoratet. Undersøkinga vil bli gjennomført på telefon av eksterne personar, som ikkje har tilhørsle i kommunen. Dei vil kontakte eit representativt utval føresette frå kvar skule. Kommunen håper at så mange som mogleg av dei som vert kontakta både ynskjer og har høve til å delta i undersøkinga.

## Kva er føremålet?

Føremålet med brukarundersøkingane frå Utdanningsdirektoratet er at elevar, lærarar og føresette skal få seie si meining om læring og trivsel på skulen. Resultata frå brukarundersøkingane blir ikkje sletta, men lagra etter forskriftene, og nytta av skular, skuleeigarar og den statlege utdanningsadministrasjonen som ei hjelp til å analysere og utvikle læringsmiljøet. Data frå undersøkingane kan òg bli brukte til forskingsføremål. Delar av resultata frå Elevundersøkinga blir publiserte på nettstaden: [www.utdanningsdirektoratet.no/skoleporten](http://www.utdanningsdirektoratet.no/skoleporten).

## Korleis skal undersøkingane gjennomførast?

Brukarundersøkingane kan gjennomførast både vår og haust. På hausten er det obligatorisk for kommunane/fylkeskommunane/skulane å gjennomføre elevundersøkinga. Skulane kan i tillegg velje å gjennomføre foreldreundersøkinga og lærarundersøkinga. Det er frivillig å svare på undersøkingane, og du kan velje å hoppe over spørsmål dersom du opplever nokre av dei som ubehagelege, eller det er nokre spørsmål du ikkje vil svare på.

## Behandlingsansvar og personvern

Den behandlingsansvarlege har ansvaret for å sikre at opplysningane blir behandla i samsvar med krava i personopplysningslova frå 14. april 2000 nr. 31. Det er berre den behandlingsansvarlege som har tilgang på grunnlagsdata.

Utdanningsdirektoratet har delt behandlingsansvar med skuleeigarane for foreldreundersøkinga. Den som svarer, gir ikkje opp namn, og det er lagt opp til svært strenge reglar for å vise resultata frå undersøkingane både til skulane sjølve, skuleeigarane og dei statlege utdanningsstyresmaktene. Dette er gjort for å redusere faren for indirekte gjenkjenning av personar som har svart.

## Har du spørsmål?

For meir informasjon kontakt skulen din eller Utdanningsdirektoratet. Du finn òg mykje informasjon på [www.udir.no/undersokelser](http://www.udir.no/undersokelser).

Med helsing

Jo Tømmerbakke, kommunalsjef oppvekst